

”Nytale” om kommunereforma

Kva kan ein H, V og FrP egentleg sleppe unna med ved bruk av politisk retorikk og nytale? ”Det skal svi mindre å vere liten?” – Du får juling, men dersom eg får pengane dine, skal du sleppe unna med litt mindre juling?

Der er nokre vesentlege premiss som styresmakta slepp for billig unna med. La oss undersøke kva som står til dømes i Regjeringa sin ”nye avtale” om nytt inntektssystem. Der refererer PR-pakkane (utsende torsdag 21. april) til ”frivillige smådriftsulemper» og «frivillige små kommuner», og innfører dermed eit nytt omgrep. I det originale høyringsforslaget frå Regjeringa er det nemnt 88 gongar i det 101 sider lange dokumentet. Omgrepa er ein måte å seie at ein ikkje har sans for innbyggjarar og kommunar som held fram som små. Skilnaden er berre at ein seier det på ein ny måte. Ny tale, ”new speak” på engelsk – eit retorisk (om)grep. Ministeren slepp å forklare innhaldet i omgrepet. Dermed blir det spikra og festar seg med inntrykk av at små kommunar er eit problem. Utan at nokon set spørsmål ved det, får lokalpolitikarane ape/herme etter orda og gå vidare i sitt resonnement og siterer frå forslaget til nytt inntektssystem med karakteristikkar om at små kommunar er problematiske og at dagens inntektssystem er urettferdig – det er med på å ta pengar frå dei ”normalt store” og gje til desse små.

Logikken i heile denne tankerekka er uhandgripeleg fordi den set verdiar opp mot kvarandre som ikkje kan målast. Ingen kommunar er like, ikkje teneste eller innbyggjarar. Der er alltid flytandre grenser mellom by og land. Korleis kan ein stille kontrollspørsmål når styresmaktene konstruerer storleikar etter nytale? I det nye forslaget har Kommunaldepartementet sett opp kilometer (km) for å rekne storleiken på kommunale, økonomiske tilskot (kr). Dette er sjølv sagt like ulogisk som å samanlikne eple og pærer – men likevel teke til inntekt for ein vedteken standard som ikkje finst. Altså nytale. Eller ”tullprat” som nokre ville sagt.

Er det sentralisering?

Kan det vere at omgrepet den bygger på ein dårleg skjult agenda? Der er ingen små kommunar som i realiteten får sine administrasjonskostnader sponsa, slik t.d. Venstre og FrP insinuerer i oppslaga som kom torsdag. Det er sjølv sagt ingen kommunar som skil mellom at midlane går ”administrativ veg” eller ”tenesteveg.” I ei kommune får t.d. oppvekstsektoren ein pott, og så stryper ein administrasjon for så vidt å halde seg innanfor minstekravet av lovpålagd tenesteyting. Dei konstruerer altså eit problem med dagens små kommunar og seier egentleg at han ikkje vil betale for eit byråkrati som truleg trengs det vesle som er – og som ikkje blir mindre med større einingar.

Vi les i avisinnlegg, høyrer folk reiser seg og pratar på møter og i kantiner eller kvar som helst – at mange er skeptiske. Dette er truleg berre toppen av eit isfjell – eit folk som tvilar fordi ein ikkje veit kvar ein skal gripe reforma an for å finne innhald og mening. Altså – kvar er innhaldet i orda som skal til for overtyde oss om auka kvalitet? Større einingar hjå kvalifisert fagfolk fører jo berre til at det blir lenger til tenesta, seier mange. Og legg du dette til skjerpå økonomiske krav, blir jo ikkje tenesta betre der folk bur – ho blir berre samla ein annan stad – og utan anna verkemiddel for kvalitet enn at fleire tilsette er samla på ein stad. Det er nesten som styresmaktene må overtyde oss med ei kjensle av logikk (etos), og ikkje logiske fakta

(logos). Er det ikkje like logisk då at resultatet like gjerne kan vere fallande innbyggartal på mange av desse små stadane, og dårlegare økonomi og tenester. Og vil ikkje dette svekke demokratiet fordi ressursutnytting, lokalt engasjement, debatt og dialog i lokalaviser, lokalkunnskap og eigarskap også vert svekka?

Men attende til debatten om inntektsmodellen. Å grunnkje forslaget med at nokre er frivillig små *no*, vert ugyldig for ei kommune der innbyggerane vel å halde fram å vere små i *framtida*. Det fører til at forslaget berre fungere *med føresetnad* om at alle kommunane vert større, men vil ikkje fungere dersom innbyggerane vel å halde fram som eiga kommune. Bør ikkje Venstre, Høgre og FrP utfordrast på om forslaget er tufta på at dette er eit forslag som let innbyggerane bestemme kommunestruktur sjølv? I staden for kjensla, trua eller trugsmål på om lågare inntekt i framtida? Innbyggerane kan då like gjerne snu på argumentet og sjå at resultatet blir verre økonomi, fordi samanslåing ikkje er rette verkemidlet for auka kvalitet der dei bur. Det er like logisk.

Er kommunereforma keisaren sine nye kle?

Regjeringa+Venstre slepp for billeg unna desse retoriske krumspringa. Dei driv ein retorikk og politisk kommunikasjon som er råare og mindre naiv. Det kan verke som at norsk politikk ikkje skal vere så naiv, ærleg og tydeleg lenger. For å få gjennom sin ideologi, må ein skape eit nytt ordforråd som verkar friskt og overtalande. Det er som at FrP, V og H er skreddaren, og kommunereforma er keisaren sine nye kle. Ein kan verken debattere eller kome til botns i noko av det som blir sagt og skrive, fordi hastverket, prosessane og omgrepa er uhandgripelege og usynlege – av den enkle grunn at dei er nytale og ofte på grensa til feil, lygn eller tullprat.

Kristian Fuglseth, Hareid